

Ottar Grepstad

Nynorskpressa som kultur- og identitetsskapande faktor 1858–2008

Foredrag på Dei nynorske mediedagane i Oslo, 10. oktober 2008

Det var i ei avis landsmålet kom til syne.

Dagen var 5. januar 1849, avisa var Morgenbladet, teksten var ”Samtale imellem to Bønder”, forfattern var Ivar Aasen. Så mange bønder var det ikkje som fekk høve til å lese dette stykket. Av om lag 1,4 millionar innbyggjarar i landet abonnerte berre 1850 på denne avisa, og dei fleste av desse budde i hovudstaden.¹

Det var i ei avis landsmålet endra skriftkulturen i Noreg.

Då Aasmund Olavsson Vinje gav ut første nummeret av *Dølen* 10. oktober 1858, gjorde han det med ein skrivemåte ingen hadde lese her til lands før. Stilistisk var han ein ramp som kunne sin klassiske retorikk og meistra daglegtalen. Journalistisk var han pågåande, oppsøkjande, undrande, kritisk. I dei tolv årgangane av *Dølen* gjorde han mykje av det som no blir oppfatta som moderne journalistikk: han personifiserte, polariserte, konkretiserte. Utan den minste tanke om å etterlikne andre skribentar spela han ut heile registeret av folkelege og direkte tale- og skrivemåtar. Blant dei som skreiv i avisa hans, var Ivar Aasen, med gjendiktinga ”Songen um Klokka” som siste bidrag 19.6.1870. Det trur eg var siste gongen Ivar Aasen ytra seg på landsmål i ei avis.

¹ Tingartal frå 1850 i Høyser 1995:186, geografisk fordeling Høyser 1995:211, folketal frå www.ssb.no.

I fleire hundre år hadde då latin og dansk vore heilt dominerande skriftspråk på prent i det dansknorske kongeriket. Det var ikkje anna å vente enn at eit nytt skriftspråk måtte vekkje sterke reaksjonar. Kva skal til for at eit språk skal kunne reknast som eit skriftspråk? Det spørsmålet stiller mange i dag, men få gjorde det i 1850. Den gongen fanst det ein grammatikk og ei ordbok for landsmålet, men med opplag på 500 eksemplar var bøkene utilgjengelege for den allmugen som no skulle få sitt eige språk tilbake.² Utanom dette: eitt skriftstykke i éi avis og nokre vilkårlege viseprint. Det var alt.

Så skjørt var grunnlaget for ein ny språkleg praksis i dette landet kring 1850. Skjør og sprø som isen etter ei skarp marsnatt. Det heile var mest ein idé, ein utopi målboren av ein person. Den seinare kollektive bruken av det nye språket skapte ikkje berre ein kulturarv, men utløyste også tunge identitetsskapande prosessar.

Nokre punktnedslag i den nynorske pressehistoria kan vise korleis nynorskaviser for vaksne lesarar blei viktige meiningsberande skrifter med ei klar kultur- og identitetsskapande rolle. Eg stiller nokre spørsmål, drøftar fram nokre sannsynlege samanhengar og motsetnader, og bruker mest Fedraheimen, Gula Tidend og Dag og Tid som døme.

Kultur, tradisjonar og identitetar

Identitet føreset samanheng, fellesskap. For å kunne gripe viktige trekk ved ein nasjon, skapte Benedict Anderson uttrykket *førestelte fellesskapar*. På godt norsk vil det seie samanslutningar menneske høyrer til fordi dei tenkjer seg til, altså føresteller seg, at dei høyrer i lag med andre som deler denne førestellinga.³ Sjølv om det er nasjonar Anderson ser på som førestelte fellesskapar, har omgrepet stor overføringsverdi til andre samfunnsformasjonar. Språk kan vere med og danne ein opplevd fellesskap, ein førestelt fellesskap

² Kruken og Aarset 2003:XVIII.

³ Jon Peder Vestad: "Språklege fellesskap", *Vestads vevstad* (www.hivolda.no), publisert 2.5.2001.

som så å seie er der utan å vere uttalt, men som dermed også kan bli verande vag og utflytande.

Det er den subjektive oppfatninga Anderson legg til grunn, og då spørst det kor sterke desse subjektive førestillingane om ein fellesskap må vere. Det skiftar frå nynorskbrukar til nynorskbrukar, frå ei tid til ei anna.

Ein fellesskap er førestelt nettopp når medlemmene av fellesskapen berre kjenner eller kjenner til nokre få av dei som er innanfor.⁴ Å rekne seg sjølv innanfor ein fellesskap er eit val innanfrå; å bli rekna som ein del av ein fellesskap kan vere tvang utanfrå. I praksis vil utviklinga av slike førestelte fellesskapar veksle mellom desse posisjonane. Den prinsipielle skilnaden mellom ein førestelt fellesskap og ein kollektiv identitet blir dermed liten.

Det som blir kalla kollektive identitetar, blir forma ved at ulike typar grenser blir trekte i høve til den sosiale omverda, og av det samhaldet som blir utvikla innanfor den fellesskapen som slike avgrensingar formar. Dette føreset at dei som utgjer ein slik avgrensa fellesskap, finn viktige fellestrekk seg imellom.⁵

Å skape tradisjonar er å formalisere og ritualisere. Seremoniar, ritual og ulike former for institusjonalisering kan definere eller styrkje ein kollektiv identitet. Norskdomsrørsla tok tidleg i bruk stemnet som samværsform, og skapte her ein tradisjon som både spelte ei historisk rolle, og som framheva ein kollektiv identitet. I vår tid er desse stemna blitt til festspel, litteraturdagar, mediedagar.

Eit språk er med og formidlar visse kulturelle erfaringar, tradisjonar, oppfatningar. Men eit språk kan også vere med og forsterke og identifisere – så å seie peike på – slike kulturelle oppfatningar, tradisjonar og erfaringar. For at det skal gi meining å tale om ein identitet, er det ikkje nok med ei bestemt sjølvoppfatning. Også utanforståande må ha ei oppfatning som direkte eller

⁴ Anderson 1996, s. 19.

⁵ Eisenstadt 1998, s. 107f.

indirekte stør opp under vår eiga oppfatning.⁶ Det treng ikkje å vere positive oppfatningar dei andre har om oss. Knappt noko styrkjer fellesoppfatninga meir enn kritikk, motstand eller åtak utanfrå.

Ved at nynorskbrukarar ut frå overordna politiske interesser organiserte seg, samarbeidde med andre, danna alliansar og bygde nettverk, var dei institusjonelle føresetnadene til stades for at visse kulturelle normer kunne utviklast innanfor desse organiserte miljøa, men berre der. Den som står utanfor og ikkje tek del i den kollektive identiteten, vil lett danne seg misvisande oppfatningar om dei som er innanfor. Slike stereotypiar blir til mytar og forsterkar dei mistaka som ein gong var utgangspunktet.

Langt frå alle nynorskbrukarar deler dei same kulturelle normene. Der er ikkje éin nynorsk meiningspakke, der er mange. Likevel, di sterkare ein førestelt fellesskapen blir, di viktigare trur eg det blir å stadfeste denne fellesskapen. Nynorskpressa har tent nettopp til det, å vere del av ein slik førestelt fellesskap.

Bok, men blad

Språkbyggjaren Ivar Aasen ytra seg knapt utanfor sine eigne bokpermar. I utbreiinga av landsmålet blei derimot bladet viktigare enn boka. Rett nok kom det ut minst 600 bøker på landsmål før 1800-talet var omme, men etter ei varsam opning kom blada i hundretal: julehefte, elevhefte, kyrkjelydsblad, aviser, tidsskrift, skjemteblad. Avisene var altså berre ein del av ein straum av skrifter og trykksaker.

Når bladet blei det dominerande mediet for publisering på landsmål, blei også dikt – og kortprosa av typen minneord og personportrett – både vanlege og viktige. Profilerte nynorskbrukarar såg tidleg kor viktig det var å prege historieskrivinga slik at dei kunne gjere historia til eit argument for deira syn. Minneorda og personportretta om nynorskbrukarar var vel knapt meir helgenaktige enn andre skriftstykkje i dei same sjangrane, men mange av dei bar

⁶ Sørensen 1998, s. 13.

i seg ein tydeleg intensjon om å framheve heile den nynorske skriftkulturen gjennom omtalen av enkeltpersonar. Det var gjennom blada ein dermed fekk høve til å teikne ein høgare himmel over det daglege strevet for det nye språket. Slikt skapte grunnlag for identitet.

At bladet var eit viktigare medium enn boka for utvikling av det nynorske skriftspråket, verka inn på kva sjangrar som blei dominerande. Før 1980-åra hadde det største nynorskforlaget, Samlaget, ikkje gitt ut fleire biografiar enn dei som kunne teljast på éi hand. Då forlaget i 1970 gav ut ein biografi om Ivar Medaas av Norvald Tveit, meinte tre av seks styremedlemer at slik ”publikumsfriande popheltedyking” skulle forlaget halde seg for god til å gi ut.⁷ I dette miljøet var det ein heilt annan identitet som skulle skapast.

I staden for biografiar i bokform heldt målfolk seg lenge mest med nekrologar og omtalar av runde år i avisformat. Dette hadde minst tre konsekvensar.

Det blei ein konvensjon å skrive relativt korte personomtalar på nynorsk. Til gjengjeld var det plass til mange store ord i desse relativt korte artiklane.

Det kritiske perspektivet blei lite utvikla. Det er ikkje i desse kortformene vi finn dei nærgåande vurderingane av godt og gale.

Personomtalane blei spreidde til fleire lesarar enn dei ville ha gjort i bokform.

Dei mange portretta, jubileumstekstane, nekrologane var alle saman med på å byggje opp identitet og forme ein førestelt fellesskap.

Eit første identitetsmerke

I andre halvdel av 1800-talet tok Organisasjons-Noreg form, blant anna med bondevenforeiningar og ungdomslag. Fram mot 1900 blei det skipa ei rekkje samtalelag, leselag og førelesingslag. Tidlegast ut var truleg det miljøet som i 1868 skipa Vestmannalaget. Ein klubb dei hadde organisert frå 1862, Namnlaus,

⁷ Grepstad 2002a, s. 112 f.

heldt seg med eit handskrive blad.⁸ Slike lag bygde gjerne vidare på uformelle samkomeformer frå tidlegare tider, og dei heldt i hevd forståinga av at teknisk og språkleg skrivekunne var viktig.

Knapt noko kom på prent. Førrebels var det få stader nokon kunne publisere kvardagsstoff på landsmål. Små og ganske vilkårlege marginar, tekniske så vel som økonomiske, var alt som skulle til for at miljø med handskrivne blad støypte seg om i blytsats. I Bergen glei det handskrivne bladet i Namnlaus over i det trykte bladet *Ferdamannen*, som kom ut i snaue tre år frå hausten 1865.

Dølen døyde i 1870. Hovudorganet for det som no fanst av målrørsle og landsmålsbrukarar, blei *Fedraheimen*, utgitt 1877–91. Redaksjonen laga eit radikalt venstreblad som la vekt på at landet trong ein ekspansiv stat, men godt kunne klare seg utan svenskekongens veto og den nasjonalromantiske forståinga av bondekulturen.

I alle år har det vore mykje snakk om dei tre redaktørane Arne Garborg, Ivar Mortensson-Egnund og Rasmus Steinsvik i Fedraheimen. Minutiøst har historikaren Ole Dalhaug vist at redaksjonen fekk inn godt over tusen lesarbrev, notisar og anna stoff som i ettertid kan stadfestast.⁹ Brevskrivarane var spreidde over heile landet, men halvparten av dei var austlendingar.¹⁰ På denne tida hadde Fedraheimen om lag 1500 tingarar.¹¹ Noka organisert politisk pressgruppe utgjorde ikkje desse tingarane og brevskrivarane, men mange av dei var tett på miljøa rundt dei folkevalde og andre meiningsdannarar og makthavarar.

Dette mylderet av folk og meining stadfestar at målrørsla vann tilslutning i mange regionar. Det viser også miljøet i redaksjonen, for Fedraheimen hadde slett ikkje berre tre redaktørar. Avisa blei redigert av minst 11 personar, og dei

⁸ Hannaas 1918, s. 7 f.

⁹ Dalhaug 1995, s. 121 og 132.

¹⁰ Dalhaug 1995, s. 21 og 132, Grepstad 2005b, tabell 2.9 og 19.5.

¹¹ Grepstad 2005b, tabell 19.1, og Haugland 1974, s. 151, som viser til *Fedraheimen* 25.4.1885.

kom frå fleire landsdelar og miljø.¹² Geografisk kom redaktørane frå Nord-Trøndelag, Sunnmøre, Sogn, Jæren, Setesdal, Telemark, Oslo, Gudbrandsdalen og Østerdalen. Sosialt var dei søner eller døtrer av bønder, fiskarar, husmenn og vaktmeistrar. Av profesjon var dei studentar, prestar, lærarar og tilsette i statsforvaltninga. Iallfall fleirtalet talte republikkens sak i deira mentale eksil i den norsksvenske unionen. Under skiftande redaksjonar kom dette sterkt identitetsskapande landsmålsbladet ut i Kristiania, Fredrikstad, på Tynset og i Skien.

I redaksjonen møttest folk, i spaltene blei meiningar brotne, og avisa blei ein fellesnemnar for eit miljø som iallfall delte sympatien for Ivar Aasens prosjekt. For lesarane, brevskrivarane, redaktørane og miljøet kring dei var Fedraheimen ein openberr kultur- og identitetsskapande faktor. Dette gav bladet ein legitimitet og autoritet som iallfall regjeringspartiet Venstre ikkje kunne oversjå i 1885, men som også gav dette partiet noko å spele på.

Det samansette redaksjonsmiljøet vitnar om ei tidleg profesjonalisering der det gjaldt å få bladet ut. Denne profesjonaliseringa gjorde det redaksjonelle stoffet meir mangfaldig. Røynslene frå dette miljøet må ha vore gode å ha då den store redaksjonen i Den 17de Mai tok form frå 1894. Alle frå Fedraheimen som enno levde og budde i landet, skreiv i eller redigerte også det bladet.

Fleire frå Fedraheimen hadde reist frå fedrelandet, til Amerika, til Amerika. Ei av dei var Ingebjørg Jore frå Rauland. Ho var medarbeidar i avisa mellom 1885 og 1888. I tillegg til at ho hjelpte Mortensson-Egnund med minst éin føljetong, skreiv ho også eigne lesarbrev, dikt, eit lite skodespel og to forteljingar. Så vidt eg veit, er ho den første kvinna med redaksjonell makt i ei landsmålsavis og openbert ei av dei første i norsk presse i det heile.

Aviser med språkleg overgang

¹² Miljøet i Fedraheimen er presentert i Grepstad 2002, Grepstad 2005a og Grepstad 2006.

1800-talet igjennom var mest alle avisene i landet redigerte og skrivne på norsk-dansk. Det samspelet som no fanst mellom venstrefolk og landsmålsmiljø, gjorde at dei mange Venstre-avisene blei viktige for utbreiinga av landsmålet. Alliansen mellom parti og språk hevda seg mange stader i landet, men det var på Vestlandet denne alliansen sette dei djupaste spora og gjorde sitt til at landsmålet etter kvart kunne bli ei vanesak og mange stader det mest brukte språket. På Vestlandet blei dei avisene dominerande som også stilte seg mest opne for landsmålsbrukarane.

Før 1900 var alle målfolk og nynorskbrukarar konvertittar; det var norsk-dansk dei hadde lært å skrive. Olav Nygard høyrer til den første generasjonen som voks opp med nynorsk i skulen. Han gjekk inn skuledøra første gongen eitt år etter at landsmål var blitt opplærings-språk i heimbygda. I pressehistoria er eit liknande viktig vendepunkt aviser som skifta målform og aviser som blei etablerte på ei anna målform enn den dominerande.

Utover på 1900-talet blei fleire aviser to-språklege, og svært mange er i dag eitt-språkleg nynorske – som oftast med ganske låge opplagstal. Fram mot 1920-åra skifta fjorten aviser målform. Då var landsmålet såpass etablert at dei som ville bruke det som redaksjonelt avisspråk, som regel gjorde det frå første nummeret. Mest alle avisene med slike språkskifte heldt til på Vestlandet, og halvparten av dei kjem framleis ut.

Etter det eg veit, skifta ingen aviser til nynorsk som målform etter 1928. Derimot har ein del aviser de facto gått frå å vere redigerte på bokmål til å bli redigerte på begge målformer. Den nyaste lokalavisa som gjorde det, var Fjordenes Tidende i Måløy. For tretti år sidan hadde dei 90 % bokmål i spaltene sine.¹³ No er dei tydeleg språkdelt. Av riksavisene har særleg Nationen skilt seg ut med ein liknande overgang dei siste åra. I dag har dei på ein god dag

¹³ Grepstad 2005b, tabell 16.30.

gjerne 15 % nynorsk. I 1931 utgjorde bokmål derimot 99 % av det redaksjonelle stoffet. Den gongen var det nynorske spaltemålet 753 cm.¹⁴

Overgangar til landsmål var ikkje nok. Ei alternativ organisering måtte til i form av egne publikasjonar, redaksjonelt og språkleg. I Volda gav Rasmus Steinsvik, Synnøve Riste og Per Riste i 1887–89 ut *Vestmannen*. Dette var den første lokalavisa på landsmål, og så fritenkjande var redaksjonen at kristne krinsar i bygda prøvde å vege opp med andre publikasjonar. Den viktigaste kom først i gang då Steinsvik hadde søkt austover til Fedraheimen på Tynset. Første nummeret av bladet *Stille Stunder* kom ut våren 1889 med Johannes Barstad som redaktør. Noko av det viktigaste bladet gjorde, var å prente ei rekkje salmar som etter kvart fann sin plass i kyrkjelivet.¹⁵ Ein som publiserte mange salmar her, var Elias Blix. Etter eit skiftande tilvære er dette bladet i 2008 inne i 118. årgangen, no utgitt på Voss.

Til no hadde profilerte og meiningsdannande landsmålsbrukarar hatt få andre samlingspunkt enn miljøa kring Samlaget, Fedraheimen og Vestmannalaget. Den 6. januar 1894 opna Rasmus Steinsvik og Arne Garborg ein ny slik arena i avisa Den 17de Mai. Frå 1898 blei bladet dagsavis, og trass i økonomiske vanskar peikte dei fleste pilene oppover for bladet. I 1911 hadde berre Aftenposten eit større opplag. Dette vil truleg seie at den reelle riksavisa på denne tida var Den 17de Mai. Under skiftande redaksjonar kom altså dette sterkt identitetsskapande landsmålsbladet ut i Kristiania, Fredrikstad, på Tynset og i Skien.

Målrørsla vestover

Journalistisk blei avisa aldri det same att i åra fram til siste nummeret i 1935. Politisk og organisatorisk spelte avisa langt på veg same rolla som Fedraheimen hadde gjort i 1880-åra, men situasjonen var endra. Nettopp i dei åra då Den 17de

¹⁴ Grepstad 2005b, tabell 16.25.

¹⁵ Aarset1983.

Mai blei utvikla til stor riksavis, tok norskdomsrørsla form på nasjonalt nivå. Mållag og ungdomslag blei organiserte mange stader i landet, og etter kvart kom det mange blad og aviser med landsmål som redaksjonsspråk. For avisdrifta må dette ha vore ei lette, men med ei meir organisert målrørsla blei også rolleforventningane skarpere uttrykte. I den grad ulike landsmålstiltak hadde vore isolerte øyar, tok ein no til å byggje bruer mellom dei.

Fram til 1914 var målrørsla etter måten best organisert austpå. På 1880-talet kom til dømes om lag halvparten av medlemmene i Det Norske Samlaget austanfrå.¹⁶ Berre ein generasjon seinare var biletet eit heilt anna: I 1918 var fire av ti medlemmer i Noregs Mållag vestlendingar.¹⁷ Sidan har dei dominert målrørsla.

Denne målrørsla vestover tok tidleg til. Det geografiske bruksmønsteret for nynorsk var på 1900-talet, og særleg etter 1950, prega av ei rørsla sørover frå Nord-Noreg, vestover frå Austlandet, nordover frå Sør-Vestlandet. Så lenge ein ser etter bustadadresse for elevar med nynorsk opplæringspråk i grunnskulen, blir denne regionaliseringa særst tydeleg.

Heilt fram til 2000 var mest alle institusjonar og organisasjonar som norskdomsrørsla hadde bygt opp, knytte til hovudstaden. På den måten har målfolk alltid hatt kort veg til storting og styringsverk. Dette gav miljøet rundt Gula Tidend i Bergen ein sjanse til å utvikle eit anna tyngdepunkt vestpå. Den avisa kom ut frå 1904 til 1995. Frå første stund var dette både ei avis og eit forlag.¹⁸ Fram til 1940 gav Gula Tidend ut 82 bøker; den første var *Fyrste akten or Kaupmannen i Venezia* av William Shakespeare i 1905. Seinare kom både Fjodor Dostojevskij og Agatha Christie på nynorsk. Noko av det viktigaste dette avisforlaget gjorde, var å gi ut to diktsamlingar av nettopp Olav Nygard.

¹⁶ Grepstad 2005b, tabell 2.9 og 19.5.

¹⁷ Grepstad 2005b, tabell 2.11.

¹⁸ Einar Økland i Håland (red.) 1979.

Dette var Jakob Sandes avis. 17 år gammal fekk han første diktet sitt på trykk nettopp i Gula Tidend hausten 1923.¹⁹ Han publiserte fleire dikt i denne avisa før han debuterte med *Svarte næter* i 1929. Tilfeldig var ikkje dette, skriv Sande-biografen Ove Eide. Olav Gullvåg redigerte avisa frå 1923 og gjorde Gula til ein viktig skriftstad for nynorskskrivande. ”Eg hev lagt merkje til,” skreiv Jakob Sande i ein skulestil på Eid gymnas kring 1925, ”at den som les ’Gula Tidend’, er strid målmann, og den som les ’Aftenposten’, er galen på hin kanten.”²⁰ Mange nynorskbrukarar identifiserte seg nok med denne avisa, som stod sterkt langs vestlandskysten, trass i at det tok lengre tid før nynorsken gjekk på land der ute mellom holmar og skjer enn inne i fjordane.

Tilliks med mange andre aviser var også Gula deltakar, ikkje berre tilskodar, i utviklinga av moglege nynorske identitetar.

Eit språk blir ein skriftkultur

Det var mellom 1910 og 1930 at landsmålet festna seg og blei ein skriftkultur. Ved utgangen av 1920-åra hadde heile 43 % av alle kommunane i landet nynorskelevar i folkeskulen – nett som i dag.²¹ Det som tok til med ei ordbok og ein grammatikk kring 1850, var åtti år seinare blitt til ein skriftkultur som gradvis gjorde språket til ein del av kvardagen, tok det i bruk på nye område, romma stor kunst og blei til arbeidsplassar.

Skriftkulturen blei gradvis meir og meir institusjonalisert, ikkje minst gjennom landsmålsavisene. Måten fleire av dei blei finansiert på, syner at mange i samtida såg på dei som viktige kultur- og identitetsskapande faktorar.

I Trondheim satsa såleis den eigenrådige og skarpt profilerte presse mannen Albert Joleik sterkt på den nye avisa Spegjelen i 1911.²²

Ambisjonen var å lage ei vekeavis med stoff ”som dé ikkje finn i andre blad her

¹⁹ Eide 2006, s. 141.

²⁰ Sikkert etter Eide 2006, s. 121.

²¹ Grepstad 2005b, tabell 1.3, 1.4 og 17.12.

²² Avsnittet byggjer på Joleik 2004.

i landet”. Då krisa kom, hjelpte Kaffistova i Trondheim han med lån som ingen kunne løyse inn.

Den første kaffistova var blitt opna i Oslo hausten 1901. På få år kom mange slike tiltak i gang. Ungdomslag og mållag eigde tiltaka, som difor blei heitande lagsbruk. Dette var ein idé med uhorveleg mykje pengar i. For kvar sup kaffi og for kvart eit snork på hotellromma fekk målrørsla meir å rutte med. Det fekk følgjer for norsk presse.²³

Følgjer fekk det også at private investorar såg sjansar til vinst i slik verksemd. Eitt av dei mest aktive selskapa var Norskt Herbyrge i Bergen. Han som skipa det, var Cornelius Berg Bugge, leiar i Vestmannalaget frå 1908 til 1922. Med dette selskapet var Bugge fødselshjelpar for og sentral investor i mange nynorsktiltak: fleire kaffistover, Hotell Hordaheimen, Gula Tidend, Landsbanken, tomt til nybygg for Det Norske Teatret i Oslo, ein større aksjepost i avisa Sunnhordland i 1918 – avisa gjekk over til landsmål året etter, ny utgåve av Aasens *Norsk Ordbok* i 1918, og garanti for *Fyrebilsbibelen* i 1921.

Skilnaden frå 1894 til 1962

Då Den 17de Mai gjekk inn i 1935, prøvde Norsk Tidend å bli den nye målpolitiske riksavisa. Nokon dagsordenfunksjon fekk avisa aldri. I 1962 blei avisa lagsblad for Kringkastingsringen; nokre år seinare også for Noregs Mållag, dessutan for Noregs Ungdomslag ei tid, i dag berre for Noregs Mållag.

Den marknaden som måtte finnast for ei nynorsk riksavis, låg altså open. Etter fire prøvenummer i 1962–63 – eitt av dei prenta i 80 000 eksemplar – kom *Dag og Tid* i ordinær drift hausten 1963.²⁴

Med Olav Rytter som første ansvarlege redaktør satsa utgivarane trygt og dristig. Han hadde i si tid redigert Norsk Tidend, vore krigskorrespondent for NRK i London, og var etter mange år i FN-systemet betre kjend i verda den vide

²³ Framstillinga byggjer særleg på Kolås 2005.

²⁴ *Dag og Tid* nr. 2/1962, s. 9.

enn dei fleste. Den radikale profilen hans stod seg godt til samtida, men passa slett ikkje alle i ei målrørsle som då heldt på å stivne. Til skipinga av avisa hadde lagsbruka reist minst 200 000 kr i aksjekapital.²⁵ Avisa trong fort meir pengar og sette på ny si lit til lagsbruka. Der i garden murra ein over radikalismen, sjølv om Rytter no hadde slutta og Ivar Eskeland hadde teke over. Då det ikkje kom meir pengar, slo redaktør Eskeland tilbake mot det han kalla kaffistoveadelen.

I lys av teorien om førestelte fellesskapar er Dag og Tid og Den 17de Mai to svært ulike aviser. Ved sida av Gula Tidend er Den 17de Mai hovudkjelda til informasjon om korleis landsmålet blei teke i bruk. Andre stofftypar var viktigare, men innanfor den felles referanseramma som målforma utgjorde, la redaksjonen vekt på å formidle slikt stoff. Gjennom dette omfangsrike notisstoffet var avisa med og skapte grunnlaget for ein førestelt fellesskap.

Då Dag og Tid blei skipa, var nynorsk skriftkultur trygt etablert. Iallfall meinte somme det, og avisredaksjonen kunne ta situasjonen for gitt. Difor er Dag og Tid mellom 1962 og 2008 ei ganske dårleg kjelde for informasjon om bruken av nynorsk. Den førestelte fellesskapen som var blitt forma, blei teken for gitt og trong difor ikkje dokumenterast. Ein redaktør frå 1970-åra som Tor Gabrielsen styrkte denne identiteten med sine mange originale innslag, til dømes eit famøst referat over fleire nummer frå eit endå meir famøst debattmøte mellom Noregs Mållag og Riksmålsforbundet i Sarpsborg i 1976.²⁶

Tidleg utvikla Dag og Tid credoet *på nynorsk, ikkje om nynorsk*. Kvar gong redaksjonen fekk kritikk for at avisa skreiv for lite om nynorskmiljøa, svara redaksjonen at avisa ikkje ville inn i ei slik journalistisk tvangstrøye. På sett og vis møtttest her den allmenne profesjonaliseringa av norsk journalistikk og konsolideringa av ein nynorsk skriftkultur. Dermed kom Dag og Tid lenge til å leve på sida av ein førestelt nynorsk fellesskap. Det var kanskje ikkje så

²⁵ Kolås 2005, s. 60 ff og 68.

²⁶ *Dag og Tid* 3.12.1976.

risikabelt, for lesarane og abonnentane blei henta frå fleire miljø enn dei med hovudmål.

Meir problematisk var det at Dag og Tid lenge var eit økonomisk risikabelt prosjekt med yrs små marginar, samstundes som avisa iallfall i periodar knapt var på fleirtal med rådande haldningar i målrørsla. Avisas utfordra fellesskapen. Fellesskapen reagerte med å halde avstand. Avisas har ofte utfordra dei same lesarane som avisa trong når det røynde på økonomisk, som det nær sagt har gjort heile tida. Historia om Dag og Tid er blant mykje anna også ei beretning om korleis målpolitiske motsetnader fekk følgjer for nynorskpressa.

Mange nye aviser, mange friske kroner frå staten

Etter 1920-åra flata det ut med tilveksten av nye aviser som blei redigerte på nynorsk. Trass i dette peikte det meste oppover for nynorskbrukarane i 1930-åra. Det kan altså vere lett å overvurdere den rolla avisene har hatt som kultur- og identitetsskapande faktorar i nynorsk kulturhistorie. Fleire skulekrinsar, større årskull, fleire kyrkjesokn, fleire aviser, og frå 1933 radiosendingar i NRK på nynorsk – alt dette og meir til verka inn.

Det tok førti år før NRK i 1970 fekk tydelege språkpolitiske rammer frå Stortinget. I åra som følgde, drog Kringkastingsringen i land storfisken i den tids mediehav. NRK var inne i sluttfasen av den store omlegginga til riksdekkjande fjernsynssendingar. Skulle noko endrast, var det no det måtte gjerast. Hausten 1970 nemnde Erling Læg Reid som snarast nyordet og nytanken *nærkringkasting* i eit foredrag.²⁷ Stikk i strid med slik ein original tanke ville dei som hadde noko med det, satse på vidare utbygging på Marienlyst. Kringkastingsringen vann derimot tilslutning frå stortingsfleirtalet til ein politikk for å byggje ut NRK i distrikta, ikkje på Marienlyst.

²⁷ *Norsk Tidend Særutgåva*, nr. 6/1970.

Mange tiår seinare ser vi konsekvensane av dette også i norsk presse allment. Som så ofte elles når eg prøver finne ut noko, blir 1970-åra ståande som eit stort tidsskilje. Det gjeld også i pressehistoria.

Bladet var altså tidleg blitt eit svært viktig massemedium for landsmålsbrukarane. Frå Dølen som det første i 1858 og fram til slutten av 1930-åra var det blitt sett i gang godt over 300 nynorske blad og aviser. Med svært få unntak var sidetala små, opplaga låge, utgivingane sjeldne og levetida kort. Alt i 1900 kom det ut bort imot 200 aviser i landet. Berre åtte av dei var på landsmål. I 1975 var dei åtte blitt til 57, men det samla avistalet var om lag som i 1900.²⁸

I dei same åra som grunnlaget for utbygginga av NRK lokalt blei lagt, blei ei mengd nye avistiltak sette i gang. Berre på dei fem åra frå 1970 til 1974 kom det 18 nye nynorskaviser. Det var nesten like mange som i heile perioden 1945–70.²⁹ Utsiktene til å få utteljing frå den nye kulturpolitiske støtteordninga frå regjeringa Borten, pressestøtte, hadde mykje å seie. Dette var også det tidsrommet på 1900-talet då desentralisering og lokalsamfunn stod høgast i hevd. Avisentreprenørane såg kva som var i kjømda, og gjorde dei nye vilkåra til sin samarbeidspartnar. Ny prenteteknikk og seinare datateknologi opna for mange nye aviser, alle små i opplag, alle i sine små område.

Aviser kom, tida gjekk, aviser gjekk inn. Langt på veg blei likevel den norske lokalavisa verande ein nynorsk spesialitet. Mot slutten av 1900-talet var tre av ti aviser offisielt redigerte på nynorsk eller på begge målformer. I tillegg har fleire formelt erklærte bokmålsaviser som Bergens Tidende ein lang tradisjon for å vere ei språkblanda avis, slik Stavanger Aftenblad er, og det meir enn før.

²⁸ Grepstad 2005b, tabell 16.17, 16.23 og 16.24.

²⁹ Grepstad 2005b, tabell 16.15.

Dei mange lokal- og regionavisene med nynorsk redaksjonsspråk kjem no ut på meir enn femti stader i ti fylke. Dei fleste av dei er ganske unge. To tredelar av dei avisene som kjem ut i 2008, var skipa i 1970 eller seinare.³⁰

Pressestøtta blei ein nødvendig føresetnad for at nynorsk skulle vere dagleg tilgjengeleg på prent for fleire hundre tusen lesarar, og for at nynorsk som avisspråk kunne utviklast vidare. Det viktige for nynorsk skriftkultur er at for mange nynorskbrukarar er lokalavisene det vanlegaste lesestoffet når vi ser bort frå tv-tekstinga. Det er mange fleire som les aviser enn som les bøker, og lokalavisene har openbert gjort sitt til at nynorsk no er eit meir alminneleg språk enn det var for femti eller hundre år sidan.

Å lese den andre

Mot slutten av 1900-talet var den språklege liberaliteten blitt større i aviser som offisielt var redigerte på bokmål. Truleg har det aldri før vore så mykje nynorsk i riksavisene og med så stor emnespreiing.³¹ Iallfall alle dei større regionavisene på Vestlandet kan i 2008 ha førstesideoppslag på nynorsk. Dei språkdelte avisene bruker om lag like mykje nynorsk no som dei gjorde for fleire tiår sidan. Samstundes er det blitt mange fleire språkdelte aviser. Jamvel den avisa som Ivar Aasen tok ordet i få dagar etter at revolusjonsåret 1848 var omme, er no språkdelt. Det er altså ikkje lenger opplagt kva aviser som bør reknast inn i omgrepet *nynorskpresse*.

Bak denne fasaden av toleranse dominerer bokmålet. Eit mønster av hegemoni har danna seg over lang tid. Det mønsteret såg hausten 2005 slik ut i språkblanda Bergens Tidende: ”Et typisk bokmålsmenneske kan ikke portrettintervjues på nynorsk i BT. Og vi skriver heller ikke om Fløibanen og Bryggen på nynorsk,” sa Einar Hålien.³² Å lese *den andre* er ei vanskeleg sak for mange, iallfall for det fleirtalet som oftast er i fleirtal. Difor blir no artiklar

³⁰ Grepstad 2005b, tabell 16.15–16.19.

³¹ Grepstad 2005b, tabell 16.1 og Terje S. Skjerdal i Strømme og Tennø (red.) 2005, s. 90 ff.

³² *Bergens Tidende* 30.10.2005.

og reportasjar som først blei publiserte på nynorsk i til dømes BT, omsette til bokmål før Aftenposten vågar å vise dei til lesarane sine.

Til gjengjeld les gjerne nynorskbrukarar bokmål. Det store fleirtalet av nynorskbrukarar bur i dei 114 kommunane som har nynorsk tenestemål. I tre av fire nynorskkommunar er ei bokmålsredigert regionavis den største avisa. I alle nynorskkommunane er VG den største riksavisa. Dekningsprosenten varierer frå 6 % i Solund til 34 % i Lærdal og heile 54 % i Bykle. VG er større enn jamvel den største regionavisa i 20 av 26 kommunar i det fylket. Same korleis vi reknar, ikkje i noko anna fylke er bokmål mindre brukt enn i Sogn og Fjordane. I dag, som for 70 år sidan, er likevel over 95 % av barna i Sogn og Fjordane nynorskbrukarar. Då har fleire samfunnsinstitusjonar enn pressa sitt å seie for både kvardag og identitet, til dømes radio, fjernsyn, internett, barnehage og skule.

Redaksjonelle språkskifte, eigne publikasjonar, språkdelte aviser, lokalaviser – dette er berre nokre av vendepunkta i nynorsk pressehistorie. Auka bruk av nynorsk blant lesarane var ein nødvendig føresetnad for at ei presse på nynorsk kunne utviklast, men ei sterkare nynorskpresse var også med og gjorde fleire til nynorskbrukarar. Der nynorsk ikkje blei ein sterk nok del av det daglege mediespråket, kom nynorskbrukarane i klemme.

Den vilkårslogiske konklusjonen er logisk på visse vilkår: Nynorskpressa har vore ein nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg føresetnad for å forme kultur og identitet blant nynorskbrukarar.

Kjelder

- Anderson, Benedict 1996: *Forestilte fellesskap*. Oslo
- Bauman, Zygmunt 2000: *Savnet fellesskap*. Oslo
- Dahl, Hans Fredrik og Henrik G. Bastiansen 1999: *Over til Oslo. NRK som monopol 1945–81*. Oslo
- Dalhaug, Ole 1995: *Mål og meninger. Målreisning og nasjonsdannelse 1877–1887*. (KULTs skriftserie 43.) Oslo
- Eide, Ove 2006: *Jakob Sande. Liv. Dikting*. Oslo
- Eisenstadt, S.N. 1998: "World Histories and the Construction of Collective Identities, i Philip Pomper ofl (red): *World History*. Oxford
- Fulsås, Narve 1997: "Nordnorsk eigenart og nordnorsk identitet", i Øyvind Thomassen og Jostein Lorås (red): *Spenningen land*. Oslo
- Grepstad, Ottar 1988: *Retorikk på norsk*. Oslo
- 2002a: *Det nynorske blikket*. Oslo
- 2002b: *Viljen til språk*. Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Ørsta og www.aasentunet.no
- 2005a: "Leksikalske frukter om Fedraheimen", i *Sverresoger. Kviskringar og snakk til ein jubilent*. Oslo, s. 101–113
- 2005b: *Nynorsk faktabok 2005*. Ørsta og www.aasentunet.no
- 2006: *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo
- Halse, Kjetil Jarl og Helge Østbye 2003: *Norsk kringkastingshistorie*. Oslo
- Halvorsen, J.B. 1896: *Norsk Forfatter-Lexikon 1814–1880*. Band IV. Kristiania
- Hannaas, Torleiv 1918: *Vestmannalaget i femti aar*. Bergen
- Haugland, Kjell 1974: "Ei pressgruppe tek form. Målrørsla og Venstrepartiet 1883–1885", i *Historisk Tidsskrift*, 53, s. 148–182
- Hobsbawn, Erik 1983: "Introduction: Inventing Traditions", i Eric Hobsbawn og Terence Ranger (red): *The Invention of Tradition*. Cambridge
- Høyer, Svennik 1995: *Pressen mellom teknologi og samfunn. Norske og internasjonale perspektiver på pressehistorien frå Gutenberg til vår tid*. Oslo
- Håland, Per (red.) 1979: *Gula Tidend i 75 år*. Bergen
- Joleik, Norhild 2004: *Identitet, nasjon, profesjon. Albert Joleik si redaktørrolle i eit motkulturelt og profesjonssosiologisk perspektiv*. Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen
- Kolås, Kåre 2005: *Eit liv med kaffistover og bondeheimar*. Kåre Kolås i samtale med Nils Seland og Ottar Grepstad 1998–2001. (Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet, nr. 4.) Ørsta
- Kruken, Kristoffer og Terje Aarset 2003: "Innleiing", i Ivar Aasen: *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. IX–XXXVI. Oslo
- Kvaale, Reidun 1985: *Kvinner i norsk presse gjennom 150 år*. Oslo
- Mørkedal, Sindre 1992: *Nynorsk eller bokmål i Sunnmørsposten?* Uprenta seminaroppgåve. Oslo
- Strømme, Tormod og Marit Aakre Tennø (red.) 2005: *Med hjartet på rette staden. Kringkastingsringen 50 år 1955–2005*. Oslo
- Sørensen, Øystein 1998: "Når ble nordmenn norske?", i Sørensen (red): *Jakten på det norske*. Oslo
- Tvinnereim, Jon 1981: *Ei folkerørsla blir til. Den frilyndte ungdomsrørsla på Nordvestlandet*. Oslo
- Walton, Stephen J. 1999: *Litt laust, men mest fast*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 7, Volda
- Aarset, Terje 1983: "Eit lite salmejubileum". *Møre-Nytt* 24.2.